For det første bør vi belyse spørsmålet om utmelding sett frå Dnk-forsamlingane sin synsstad. Dersom ein vel å gå over frå ei Dnk-forsamling til ei forsamling innan ein annan samanheng, kva vil då Dnk-forsamlinga og Dnk sentralt meine dersom ein likevel opprettheld sin formelle medlemskap i Dnk-forsamlinga? Bør ein då – sett frå Dnk sin synsstad – også formelt melde seg ut av Dnk-forsamlinga ein har høyrte til? Eller vil det bli oppfatta som meir naturleg at vi tenkjer liksom dei aller fleste medlemmene av forsamlingane i Dnk: at det er greitt nok å vere *passiv* medlem. Dnk-forsamlingane og leiarskapen i Dnk gjev jo sjølv tydeleg rom for at medlemskapen i ei Dnk-forsamling kan forståast som uforpliktande, meir som eit tilbod om tenester som ein måtte ønskje å ta imot – som ein slags serviceinstitusjon. Dette har ein valt å akseptere ved at ein har valt å halde fast ved folkekyrkjeforma og oppmodar alle medlemmene i Dnk-forsamlingane – uavhengig av deira religion og livssyn – til å stemme ved sokneråd- og bispedømerådsvala og til å døype barna sine i Dnk. Kyrkjeleg passivitet synes altså ikkje å vere eit hinder for medlemskap sett frå Dnk sin synsstad. Til og med ateistar har stemmerett i Dnk – berre dei er døypte og ikkje har meldt seg ut.

Kyrkjerettsleg sett kan ein altså bli verande som eit passivt medlem i si lokale Dnk-forsamling sjølv om ein melder seg inn i og lar seg aktivisere i ei organisasjonsforsamling eller utfaldar heile sitt engasjement i eit tradisjonelt bedehusarbeid der alle kyrkja sine kjenneteikn og tenester kan vere å finne. Heller ikkje teologisk vurdert er dette problematisk, for teologisk sett er ein medlem i den forsamlinga ein er aktiv i, uavhengig av kva dei meir formelle medlemslistene måtte vise.

På den andre sida vil ein sjølv sagt oppleve det som meir korrekt at ein formelt sett står skriven som medlem der ein faktisk er aktiv. Når det gjeld barn som vert døypte i ei organisasjonsforsamling, bør det vel oppfattast som ganske unaturleg å melde desse inn i den lokale Dnk-forsamlinga. Denne praksisen – som finst enkelte stader, og som Dnk er open for – har vel lite for seg?

Einaste hinderet mot å vere medlem i ei Dnk-forsamling er at ein står som medlem av eit anna registrest trossamfunn, som for eksempel Human-Etisk Forbund eller NLM-trossamfunn, og ikkje vil melde seg ut av dette. Ein kan ikkje stå som medlem i ei Dnk-forsamling og eit fylkesmannsregistret trossamfunn samstundes. Årsaka er at staten ikkje vil refundere kyrkjeskatt for ein person som er medlem av ei Dnk-forsamling. Det er sjølv sagt forståeleg.

Vranglære som utmeldingsgrunn?

Kva så om presten/prestane i den lokale Dnk-forsamlinga ein høyrer til, forkynner vrangt som for eksempel i spørsmålet om likekjønna ekteskap? Ein vil då måtte tenkje at ein ikkje berre har ein akseptabel grunn til å trekkje seg frå forsamlinga, men ein grunn som gjer det nærast *naudsynt* trekkje seg ut. Ein vranglærande prest (eller fleire) og eit forsamlingsstyre (sokneråd) som ikkje gjer noko for å verne om den rette læra, og som ikkje lar seg tale til rette, gjer vel tilbaketrekking og forsamlingsskifte til ei naudsynt sak? Spørsmålet om utmelding av Dnk må altså primært vere avhengig av korleis ein vurderer den læremessige stoda lokalt. HS seier i ein uttale gjengjeven i *Dagen* 14. desember 2015 under overskrifta «En ny kirkelig situasjon»: «Alvoret i dagens situasjon innebærer at vi vil fraråde aktiv støtte til gudstjenester, nattverdfellesskap og andre kristelige samlinger hvor det fremmes og praktiseres en ny kjønnsnøytral forståelse av ekteskapet.» Uttalen er å finne her:

<http://www.nlm.no/nlm/ressurser/dokumenter/instrukser-og-retningslinjer/veiledning-fra-hs-i-dagens-kirkelige-situasjon-nov-2015>

Når ein bibeltru kristen vurderer å trekkje seg, er det altså den teologiske stoda i lokalforsamlinga som bør vektleggast, meir enn teologien i fellesorganisasjonen som forsamlinga eventuelt måtte vere tilslutta – altså teologien i Dnk sentralt fastlagd av kyrkjemøtet. Her er det relevant å pusse støv av Calmeyergatelina: Unngå alt frivillig samarbeide med tilsette og frivillige i Dnk som lærer vrangt.

Det er grunn til å understreke at Bibelen formaner at vi bør halde oss borte frå slike som lærer vrangt (jf. Rom 16:17; 2 Tess 3:6 og 14; Tit 3:10; 2 Joh 7-11; Matt 7:15). Men betyr det at ein også *formelt* bør melde seg ut av Dnk-forsamlinga ein eventuelt tilhøyrer?

Passivt medlemskap – eit alternativ?

Det finst ein del NLM-venner som trass i sitt medlemskap i ei forsamling innan Dnk gjennom lang tid har vore aktive medlemmar berre på bedehuset, eventuelt i ei NLM-forsamling. Dette er tilfelle frå lang tid tilbake for ein god del NLM-venner, ikkje minst i Rogaland og på Sørlandet. I bedehussamanhengen står ein skriven som medlem enten gjennom medlemskapen i ei foreining knytt til bedehuset, eller ein organisasjon, eller det kan vere at bedehusforsamlinga har eige medlemsregister. I så fall er det grunn til å spørje om det finst legitime grunnar for samstundes å stå oppført som medlem i den lokale Dnk-forsamlinga. Det kan det vere. Ein vil for eksempel då kunne gjere seg nytte av Dnk-forsamlinga sine kasualiatenester: dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd, som dei fleste gjer. Ein er såleis litt aktiv i Dnk-forsamlinga sjølv om ein ikkje er «kyrkjegjengar» der. Det vert som å vere medlem av Den Norske Turistforening eller NAF. Det gir visse fordelar utan å forplikte i særleg grad.

For det andre har vi dei som skiftar forsamling av praktiske grunnar. Skifter ein til ei forsamling utanfor Dnk, men utan å melde seg ut av den Dnk-forsamlinga som ein soknar til, vil ein framleis bli ståande som medlem av denne sjølv om ein ikkje er aktiv. Bør ein då melde seg ut? Også i slike tilfelle bør spørsmålet reknast som ei praktisk sak der dei ovanfor nemnde argumenta for å bli ståande registrert i den lokale Dnk-forsamlinga igjen kan gjerast gjeldande. Spørsmålet om medlemskap vil nok mest avhenge av forsamlinga ein går over til. Er forsamlinga ein går over til, offentleg registrert som trussamfunn, vil den naturleg nok setje pris på at ein registrerer seg formelt som medlem og dermed bidreg til den refusjonen av kyrkjeskatten som forsamlinga tek imot for kvart registrerte medlem (ca. 1000 kroner). Men då kan ein ikkje samstundes vere medlem av ei Dnk-forsamling, som påpeika ovanfor.

For det tredje har vi stadig fleire tilfelle der ein har slutta å gå i si lokale Dnk-forsamling og gått over til ei anna av teologiske grunnar. Forkynninga er blitt liberalisert. Det er lite kristeleg substans i arbeidet. Vranglære har fått rom. For tida gjeld det ikkje minst spørsmålet om vigsle av likekjønna par til såkalla «ekteskap». Bør ein då også formelt melde seg ut av ei vranglærande Dnk-

forsamling – ikkje berre slutte å gå der? Dette kan vanskeleg reknast som eit samvitsspørsmål. Det er først og fremst ved å melde seg ut i praksis (men ikkje nødvendigvis på papiret) og engasjere seg i ei anna forsamling at ein signaliserer at situasjonen er uhaldbar. Har ein mot og styrke nok, bør denne protesten også artikulera i reine ord som ein protest mot vranglæra. Den reinte formelle medlemskapen kan ikkje oppfatast som noko teikn på at ein går god for det som vert forkynt i forsamlinga. Spørsmålet må vere kva den nye forsamlinga krev med omsyn til formelt medlemskap. For eksempel DELK og Frikyrkja vil nok forvente at ein melder seg inn der. Og dermed må ein melde seg ut av Dnk-forsamlinga ein er medlem av.

Er det rett å melde seg ut dersom ein soknar til ei rettlærande og levande Dnk-forsamling?

Så har vi dei som opplever Dnk-forsamling som dei går i, som rett og god med sann forkyning og eit varmt fellesskap. Det finst altså ingen lokal grunn til å melde seg ut. Likevel finst det fleire misjons- og bedehusvenner i slike forsamlingar som spør om Dnk sentralt ved kyrkjemøtet kjem til å opne for så klare lærevillfaringar at ein ikkje kan akseptere at forsamlinga som ein er medlem av, høyrer til kyrkjesamfunnet Dnk. Ein reagerer derfor på læresituasjonen sentralt med å melde seg ut av si lokale Dnk-forsamling sjølv om ein ikkje har noko å klage på i den lokale forsamlinga.

Vi kan spørje om ein ikkje då legg for stor vekt på den sentrale kyrkjeorganisasjonen i høve til den lokale forsamlinga. Det er lokalforsamlinga og den universelle kyrkja som ein teologisk sett er medlem av – som lem på Kristi lekam. I saksdokumentet om «trossamfunn» innser HS at «For noen handler forholdet til Dnk i stor grad om å vurdere situasjonen lokalt.» (Jf. saksdokumentet til sak 2-2015, s. 41). Elles vedgår HS at: «Mange misjonsvenner er takknemlige for mulighetene som finnes lokalt i Dnk og ønsker å støtte opp om det kirkelige arbeidet – og om prester og andre kirkelig ansatte som arbeider på Bibelens grunn. For hovedstyret er det viktig å møte disse misjonsvennene med støtte.» (s. 40; sjå også s. 44). Generelt heiter det at: «Hovedstyret har forståelse for at misjonsvenner vil vurdere sitt medlemskap i Dnk ulikt – og vil vise respekt for dette.» (s. 41).

Korleis ein bør protestere mot ein villfaren kyrkjeorganisasjon vert meir eit spørsmål om kva protestformer som er mogelege og som høyrer best. I Evangelical Lutheran Church of Amerika (ELCA) har lokale forsamlingar

reagert mot sentral vranglære ved å melde seg ut av sentralorganisasjonen, kyrkjesamfunnet ELCA. Her hos oss er det derimot heilt urealistisk å prøve å få ei lokalforsamling av Dnk utmeldt av Dnk slik denne er organisert som ei brei folkekyrkje med alle slags medlemmer – og relativt topptung. Det viktigaste må vere at eins eiga Dnk-forsamling held fast ved den sanne læra og markerer overfor kyrkjeorganisasjonen at den ikkje er samd i lærevillfaringane ein registrerer, og unngår frivillig samarbeid med vranglærarane (Calmeyergate-lina).

Elles er det viktig for NLM sentralt å markere overfor samarbeidskyrkjer på misjonsfeltet at ein tek klart avstand frå villfaringane som kan finnast i Dnk. Dette vil bli spesielt aktuelt i samband med endringa av ekteskapsforståinga med godkjenning og vigsling av likekjønna par.

Forsøk på ein konklusjon om tilhøvet til Dnk

Er det mogeleg å bli verande medlem i ei Dnk-forsamling slik situasjonen er blitt? Som vist er det knapt mogeleg å gje eit eintydig svar. Passivt, formelt medlemskap i ei Dnk-forsamling er svært lite forpliktande. Det kan vere greitt å behalde eit slikt medlemskap for å ha tilgang til kasualia. Det er fullt mogeleg å vere passivt medlem av ei Dnk-forsamling og aktivt medlem i for eksempel ei NLM-forsamling. Det er det mange som er. Eit *aktivt* medlemskap i ei Dnk-forsamling derimot (primært fast kyrkjegang) bør ikkje reknast som tilrådeleg dersom forkynninga inneheld tydeleg vranglære – som for eksempel aksept av likekjønna «ekteskap». Kva så med dei Dnk-forsamlingane der Guds ord framleis vert rett forkynt? Der bør ein framleis høyre til – dersom det er der ein hittil har gått.

I den nemnde uttalen frå HS – gjengjeven i *Dagen* 14. desember 2015 – heiter det: «Mange spør om det er forsvarlig å opprettholde et kirkemedlemskap i Den norske kirke. Hovedstyret ser det som vanskelig å gi et generelt råd. Vi vil ta på alvor at det tenkes noe ulikt om hva et kirkemedlemskap innebærer i vår organisasjon. Det er også viktig å gi støtte til dem som forblir i Den norske kirke – som lekfolk eller som kirkelig ansatte – og som tydelig fastholder en bibelsk ekteskapsforståelse. Dagens situasjon gjør det likevel vanskeligere enn før å tilhøre Den norske kirke.»

Mange slags NLM-sektorar og ulike medlemskap i NLM

NLM er først og fremst ein *ytremisjonsorganisasjon* med ei lang rekke misjonsforeiningar – med sine medlemmer – som samlar inn pengar til arbeidet. Men NLM driv også *indremisjon*, inkludert eit omfattande *barne- og ungdomsarbeid* med eit for tida aukande medlemstal. Dette arbeidet inkluderer ei lang rekkje *leirstader*. Innan «heimearbeidet» finn vi også eit veksande tal *forsamlingar* med «full pakke», som det heiter. Vidare driv NLM eit utstrakt kristent *mediearbeid* både heime og ute. Dessutan driv ein *barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular og høgskular*. Til sist må nemnast at NLM no også inkluderer ein sektor omtala som «NLM trossamfunn» – presentert ovanfor, oppretta hausten 2015.

Ut frå grunnreglane er det ytremisjonssektoren som er den primære (jf. saksdokumentet til sak 2-2015, s. 30). Men rekna i omsetjing er skulesektoren i heimearbeidet likevel betydeleg større.

Først og fremst ein misjonsorganisasjon

Opphavleg vart Kinamisjonsforbundet (NLM) starta for å organisere misjonsarbeidet til norske lutherske kristne innan forsamlingar som høyrer til Dnk, eventuelt også Frikyrkja – og med Kina som det primære misjonsmål. Såleis vart NLM ein reiskap for desse forsamlingane si misjonsverksemd sjølv om mange NLM-talsmenn nok til tider har føretrekt å forstå seg som representantar for misjonsforeiningane og misjonsfolket meir isolert sett («berre så vidt i kyrkja, men slett ikkje under kyrkja»). Men størstedelen av misjonsfolket har vore og er (som nemnt) å finne i forsamlingar knytt til Dnk. Såleis har NLM til liks med dei andre lutherske misjonsorganisasjonane vore å rekne som ein av dei reiskapane som har bidrege til å realisere den misjonale dimensjonen ved Dnk-forsamlingane. Generelt kan vi seie at NLM representerer dei av Guds folk i Norge som vel å realisere si forsamling sitt misjonskall gjennom NLM. Og deira si forsamling kan altså vere både ei rein Dnk-forsamling, ei rein NLM-forsamling (som Misjonssalen i Oslo), ei blandingsforsamling (misjonsforeiningsfolk som går både på bedehuset og i Dnk) eller for den saks skuld ei forsamling innan eit av dei mindre lutherske kyrkjesamfunna som Frikyrkja og DELK.

Stadig fleire forsamlingar med full pakke (fullverdige kyrkjelydar)

Når vart NLM egentleg eit trussamfunn – eller kanskje vi skal spørje: Når vart NLM eit *kyrkjesamfunn*? Eit kyrkjesamfunn vart NLM då ein byrja å fungere som ein *fellesorganisasjon for kristne forsamlingar* som inneheld alle dei kjenneteikna som ei kristen forsamling skal inkludere etter Skrifta og vedkjenninga. I praksis er det vel dåpen som er det siste ein inkluderer på vegen mot «full pakke». Det var altså *ikkje* registreringa av NLM-sektoren NLM trossamfunn hos fylkesmannen i Oslo og Akershus som gjorde NLM til kyrkjesamfunn. NLM har hatt ein sektor med kyrkjesamfunnsfunksjonar å ivareta ei god stund før NLM trossamfunn vart etablert. Desse har primært vore ivaretekne av sektorane NLM Norge og NLM Ung. NLM trossamfunn derimot er etablert som ein eigen sektor uavhengig av kyrkjesamfunnsfunksjonane som NLM ivaretek for forsamlingane sine. NLM trossamfunn skal ikkje inkludere stort meir enn føring av eit register over personar som har meldt seg ut av si lokale Dnk-forsamling for å få kyrkjeskatten refundert, og meldt seg inn i NLM trossamfunn for å få den refundert til NLM.

Registrering som trussamfunn hos fylkesmannen i samsvar med den særnorske «Lov om trudomssamfunn og ymist anna» kan sjølvstøtt *ikkje* reknast som eit kyrkjesamfunnskriterium. Ein fellesorganisasjon for kristne forsamlingar er å rekne som eit kyrkjesamfunn heilt uavhengig av om den er registret hos styresmaktene. Og ein kristen organisasjon er ikkje nødvendigvis eit kyrkjesamfunn sjølv om den er registrert som trussamfunn hos fylkesmannen i Oslo og Akershus. For eksempel er pinseforsamlingane registrete som separate forsamlingar og ikkje som eitt stort trussamfunn/ kyrkjesamfunn. Dette er ordna slik fordi pinsevevane prinsipielt teologisk er motstandarar av samorganisering i kyrkjesamfunn.

Det er interessant å legge merke til at HS allereie før registreringa hos fylkesmannen betrakta NLM som eit kyrkjesamfunn (trossamfunn): «Foretar vi en teologisk analyse av hva NLM er, gir det god mening å hevde at organisasjonen er et trossamfunn.» (Jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015, s. 40). Meir presist kunne ein seie: «NLM inkluderer en kirkesamfunnssektor».

Kva for oppgåver er det NLM sentralt (primært NLM Norge) ivaretek for forsamlingane av ting som er å rekne som kyrkjesamfunnsoppgåver? Vi kan nemne følgjande:

(1) Materiell og felles innsats på barne- og ungdomsfeltet, inkludert leirarbeidet, er viktige fellessaker (kyrkjesamfunnsprosjekt). Trusopplærings-planar og materiell for slik opplæring høyrer med her.

(2) Godkjenning ved tilsetjing av pastorar (forsamlingsleiarar) i forsamlingane er ei fellessak som er typisk for presbyterianske kyrkjeordningar. Elles vert det jamt arrangert konferansar og kurs for forsamlingsleiarane.

(3) Saman med Normisjon og ImF har NLM utarbeidd nye, felles ordningar for dåp, nattverd, konfirmasjon, forbøn og salving av sjuke, gravferd og forbøn for ekteskap. Ordningane vart vedtekne i 2011. Dette er viktige kyrkjesamfunnssaker.

(4) For søndags formiddagsmøtet (gudstenesta) i NLM eksisterer det enno ingen ordningar eller rammeforslag. Men vi bør spørje kva for element som bør vere med, og korleis dei kan utformast. Det vert rapportert at stadig fleire forsamlingar inkluderer dei tradisjonelle gudstenesteledda, men gjerne i friare utgåver enn i gudstenesteordningane i Dnk. Eg siktar til ledd som syndsvedkjenninga, bøn om miskunn (kyrie), lovsong, tekstlesingar, preike, truvekjenning og forbøn med Fadervår. Forbønstenesta bør inngå som ein sentral del av søndagssamlinga. Så har vi nattverden, lovprising med halleluja og den aronittiske velsigninga til slutt. Alt dette er ledd som til alle tider har høyrte med til hovudsamlingane til kristne forsamlingar. I førre nummer av *Innsyn* gjennomgjekk eg dei tradisjonelle gudstenesteledda og kommenterte korleis dei enkelte delane kan tilpassast ein friare tradisjon som ein er meir van med på bedehusa. Det er i dag eit stort behov for å tenkje gjennom kva innhaldsledd forsamlingane sine hovudsamlingar bør inkludere. Dette er noko ein gjerne kan gjere saman og ikkje kvar forsamling for seg.

(5) Den diakonale sektoren av dei oppgåvene som ei kristen forsamling bør ivareta, vil også vere ei sentral sak å legge fram rammer for. Her vil det nye diakonidokumentet til NLM (*Tro virksom i kjærlighet: Prinsippdokument om diakoni for NLM*) kunne spele ei viktig rolle. Dette finn du her:

<http://www.nlm.no/nlm/ressurser/dokumenter/grunnregler-og-strategidokumenter/tro-virksom-i-kjaerlighet-prinsippdokument-om-diakoni-for-nlm>)

(6) Elles er det ei oppgåve å tenkje gjennom kva for tenestekategoriar (stillingskategoriar) ein bør operere med i ei NLM-forsamling. Her må ein vere svært fleksibel – forsamlingane varierer i storleik og ressursar.

(7) Ein bør drøfte kva *type* kyrkjesamfunn eller fellesorganisasjon NLM fungerer eller bør fungere som for forsamlingane sine. Eg har ikkje registrert at dette er blitt drøfta i særleg grad. Det er nok ei ømfintleg sak ettersom ein god del NLM-venner ønskjer å gå sakte med omsyn til utviklinga av kyrkjesamfunnsfunksjonane. I starten av Kinamisjonsforbundet var det Frikyrkja som fungerte som modell med sin presbyterianske/synodale ordning. Det var denne ordninga NLM kom til å innføre for kyrkjesamfunna som ein var med på å opprette på dei forskjellige misjonsfelt.

Kva med NLM på landsbygda – bedehusrørsla?

Det var ikkje langt mellom bedehusa på landsbygda for hundre år sidan. I dag er mange bedehus nedlagde. Mykje av denne utviklinga har sin grunn i fråflyttinga frå dei mange små bygdelaga i landet vårt. Ei anna årsak er betre vegar med tidsmessig nedkorta avstandar. Dermed satsar ein på færre bedehus med utvida aktivitet i kvart hus. Likevel er den totale bedehusaktiviteten i bygde-Norge sterkt redusert.

Kva så om ein av teologiske grunnar heller ikkje kan tilrå dei lokale kristne å gå i den lokale Dnk-forsamlinga? Kanskje vil einaste tilbodet då vere sporadiske møte på eit bedehus eit godt stykke unna. Høva til å «kome saman» vil vere uforsvarleg reduserte, og kanskje aldri inkludere nattverd? Kva ansvar bør NLM kjenne for misjonsvenner som av læremessige grunnar ikkje lenger finn det rett å engasjere seg i si lokale Dnk-forsamling og samstundes har lang veg til næraste aktive bedehusforsamling?

Ein god del stader vil ein nok kunne vise til ei alternativ forsamling innan ein overkomeleg avstand – ei NLM-forsamling eller forsamlingar innan ImF, Normisjon, Den evangelisk lutherske frikyrkja, eller DELK. Men det har ikkje vore tradisjon for å søkje dit. Det bør då oppmodast til at ein i det minste deltek i nattverdfellesskapet i ei slik forsamling med jamne mellomrom. Elles bør fleire organisasjonar kunne samarbeide om å etablere nye bedehusforsamlingar med dåp og nattverd på små stader der kristne melder behov for det på grunn av forkynninga i den lokale Dnk-forsamlinga. Jamfør HS-uttalen i *Dagen* 14. desember 2015: «I dagens situasjon vil vi særskilt oppfordre til [mellom anna]:

... -- Å bygge misjonsfelleskap som gir hjelp til troen og livet – med full sakraments-forvaltning, forkynnelse, tilbedelse og tjeneste.»

Kva skal NLM trossamfunn tene til?

Kva skal NLM trossamfunn tene til? Sektoren NLM trossamfunn skal – som vist – *ikkje* vere kyrkjesamfunn med dei typane aktivitetar som eit kyrkje-samfunn normalt ivaretek. Det er primært NLM Norge og NLM Ung som framleis vil ivareta det vi kan rekne som NLMs kyrkjesamfunnsfunksjonar. HS har nemleg fastslege at «All aktivitet i trossamfunnet vil således foregå i regi av organisasjonen NLM, med unntak av det tekniske forhold knyttet til medlemsregistrering.» (Jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015, s. 43).

Det heiter elles på nettsida til NLM trossamfunn: «De ulike misjonsfelleskapene samler misjonsengasjerte mennesker på tvers av kirke-tilhørighet.» (sjå <http://www.nlm.no/nlm/ressurser/nlm-trossamfunn>). Eit medlem av ei misjonsforsamling kan gjerne samstundes vere medlem av ei Dnk-forsamling (passivt medlem). Det vert altså tydeleg presisert at det ikkje er naudsynt å vere medlem i NLM trossamfunn for å kunne delta i dei andre sektorane i NLM. Som misjonsorganisasjon, medieorganisasjon og skuleorganisasjon – og til og med som forsamlingsorganisasjon – samlar NLM misjonsengasjerte frå fleire kyrkjesamfunn.

Kva skal det så tene til å kunne tilby interesserte NLM-venner medlemsskap i eit medlemsregister med namnet «NLM trossamfunn» for registrering hos fylkesmannen i Oslo og Akershus?

Vi har sett at allereie før registreringa som trossamfunn hausten 2015 fungerte NLM som eit kyrkjesamfunn for misjonsforsamlingane sine. Slik sett var det like greitt at generalforsamlinga sommaren 2015 gjekk inn for ei offentleg registrering av eit trossamfunn – NLM trossamfunn – etter lova om «trudomssamfunn». Men kyrkjesamfunnsfunksjonane som NLM ivaretek skal likevel ikkje overførast til NLM trossamfunn. Kva skal då NLM trossamfunn vere til? Kva oppnådde ein ved å registrere eit NLM trossamfunn som «trudomssamfunn» hos fylkesmannen i Oslo og Akershus i samsvar med «Lov om trudomssamfunn og ymist anna»? Teologisk sett er ei slik registrering å rekne som eit reint *adiaforon*, den er korkje naudsynt eller forkasteleg. Det som er teologisk viktig, er som sagt at den enkelte kristne høyrer til i ei *lokal forsamling* der dei naudsynte kjenneteikna ved den kristne forsamlinga finst, og

at denne lokale forsamlinga forstår seg som ein del av det verdsvide samfunnet av Guds folk.

Men altså: Kva oppnådde ein så ved å registrere eit NLM trossamfunn? Etter lova om trudomssamfunn oppnådde ein kort sagt to ting: (1) Refusjon av kyrkjeskatten. (2) Høve til å søkje om at forsamlingsleiarane får rett til å vigsle par til ekteskap.

1. Refusjon av kyrkjeskatten – så lenge ordninga varer

Sidan Dnk i stor grad er finansiert av staten og kommunane, bidreg alle skattebetalarar til drifta av kyrka uavhengig av kyrkjemedlemskap. Dersom ein er medlem av eit anna *registrert* trussamfunn enn Dnk, får *dette trussamfunnet* refundert ein sum som svarar til den summen staten og den lokale kommunen har ytt til den lokale Dnk-forsamlinga pr. formelt medlem (jf § 19 i lova). Summen kan variere frå kommune til kommune ettersom dei kommunale utgiftene til Dnk-forsamlingane varierer. Den statlege støtta til Dnk pr. medlem vert rekna ut som ein gjennomsnittssum for heile landet. Til saman vil desse to summene i dei fleste kommunar dreie seg om ca. 900-1000 kroner pr. person. Mange trussamfunn omtalar medvite desse pengane som «refundert kyrkjeskatt». I lova og i offentleg språkbruk vert summen omtala som «tilskot frå rikskassen og kommunane» (§ 19). Men å omtale dess pengane som «tilskot» eller «statsstøtte» er eigentleg misvisande. Sakleg sett dreier det seg om *refusjon* av den delen av skatten som går til dei utgiftene stat og kommune dekkjer av Dnk sitt arbeid. Det ville vere ganske urimeleg dersom denne ikkje skulle kunne refunderast. Det mest rettferdig ville det vere om den vart refundert til den enkelte skattebetalar eller at den ikkje vart innkravd frå andre enn medlemmene av Den norske kyrkja.

Refusjonen av kyrkjeskatten vil kunne gje NLM trossamfunn ein viss sum årleg. Men så skal registreringsordninga administrerast i samsvar med «Lov om trudomssamfunn og ymist anna». Kva netto utbytte det kan verte for NLM trossamfunn, er vel enno noko uklart. For dei trussamfunna som i dag er registrerte, utgjer den refunderte kyrkjeskatten ein relativt liten del av inntektene.

Eit anna spørsmål er kva som med tida vil skje med denne refusjonsordninga. Når kyrkjeskatten om 10-15 år eller der omkring vert spesifisert på skattesetelen og berre dei som faktisk er medlemmer av ei Dnk-forsamling vert trekte for denne skatten, vil heile refusjonsordninga falle bort. Slik er det allereie i Den

svenske kyrkja. Dette er det einaste rettferdige sett frå deira side som ikkje er medlemmer av noko trussamfunn. Hadde ikkje Human-Etisk Forbund vore registret som trudomssamfunn – og tent godt på ordninga, hadde dei nok jobba hardt for å fjerne den og la Dnk krevje inn medlemskontingenten sin sjølv.

Før eller seinare – kanskje snart – går det som i Sverige. Fylkesmannens register vil då bli sletta. Kva skal ein då gjerne med medlemsregisteret NLM trossamfunn? Kva skal det brukast til? Vi ein halde fram å registrer medlemmer i noko som ikkje har annan funksjon enn å registrere dei som ønskjer ei slik registrering? Med andre ord: Treng NLM ei slik registrering for ingenting? Kanskje vil ein då heller opprette eit sentralt register for alle som er medlemmer av NLM-forsamlingane – heilt uavhengig av om dei også er medlemmer av Dnk eller andre kyrkjesamfunn – eller berre er medlemmer i ei NLM-forsamling. Eit slikt register må vel vere mykje meir nyttig og interessant?

Trass i at refusjon av kyrkjeskatt er det mest handfaste ein oppnår med NLM trossamfunn, vil HS understreke: «La oss også poengtere at hovestyret i liten grad vektlegger økonomiske forhold når eventuell kirkerettslig registrering gjennom NLM vurderes.» (Jf. saksdokument til sak 2, GF-2015, s. 43).

2. Søkje om vigslereitt til forsamlingsleiarane – viss ein ønskjer det

Eit trussamfunn registert hos fylkesmannen kan søke om vigslereitt for enkelte av medlemmane sine, i praksis forsamlingsleiarane. Ein må skrive under på ei erklæring til fylkesmannen om at ein samvitsfullt vil gjennomføre oppgåvene (inkludert vigsleretten) ein vert tillagt etter lova (§ 24). Som vigsjar vert ein då å rekne som ein offentleg tenestemann (§ 25-27). Når ein talar til, ber for og velsignar brur og brudgom, opptrer ein som trussamfunnet sin tenesteperson. Det er i sjølve vigslehandlinga ein opptrer som statstenestemann.

Er det klokt å søkje om vigslereitt for forsamlingsleiarane? HS føreslo ikkje det. Det er derfor ikkje teke med i vedtektene for trossamfunnet. HS uttalte: «Så langt har hovestyret ikke tenkt at NLM trossamfunn skal søke om vigselsrett.» (Jf. saksdokument til sak 2, GF-2015, s. 44 sjå også s. 41). Det er klokt. Dersom ein søker om vigslereitt, seier ein ja til å administrere ei ekteskapslov (av 2008) som er blitt djupt problematisk – der likekjønna par vert definerte som ektefolk. Når Dnk snart får eit ritual som inkluderer vigsle av likekjønna par, vert saka vrien for konservative prestar og presset stort mot prestar og kyrkjesamfunn som ikkje vil akseptere å vie slike par. Då må det opplevast betre å tale til, be for og

velsigne par som alt er borgarleg vigde, og med udelt tunge forkynde kva ekteskapet er etter den klassiske kristne forståinga av det.

Tilbod om «kirkerettslig tilhørighet» – kva er det?

Kva skal så NLM trossamfunn tene til når korkje refusjon av kyrkjeskatten eller vigsleretten betyr noko? Eg vil prøve å summere opp nokre punkt til avklaring:

(1) Det som tydeleg vert vektlagt av HS i saksdokumentet til GF-2015, er det ein omtalar som «kirkerettslig tilhørighet» til NLM. NLM trossamfunn representerer eit *tilbod* til NLM-venner om ein «kirkerettslig tilhørighet» eller «kirkerettslig tilknytning» til organisasjonen. NLM skriv på nettsida for NLM trossamfunn: «Norsk Luthersk Misjonssamband tilbyr en kirkerettslig tilknytning til organisasjonen gjennom innmeldelse i NLM trossamfunn.» (sjå: <http://www.nlm.no/nlm/ressurser/nlm-trossamfunn>). Det same er uttrykt fleire stader i saksdokumentet til sak 2, NLM trossamfunn, for GF 2015 (jf. for eksempel s. 45). På nettsida vert også uttrykket «formell kirketilhørighet» brukt: «For noen fungerer det lokale NLM-fellesskapet som deres åndelige hjem og menighet. Det kan da føles naturlig å knytte sin *formelle kirketilhørighet* til NLM.» (Mi utheving).

Det uklare omgrepet *kirkerettslig tilhørighet/tilknytning* eller *formell kirketilhørighet* vert ingen stad definert – ikkje eingong i saksdokumentet om saka for GF 2015. I Lov om trussamfunn og ymist anna er omgrepet ikkje brukt. Korleis bør det tolkast?

(2) Det dreier seg om eit *tilbod* for å møte eit *behov*. «Når hovedstyret har konkludert med at dette kan være fornuftig, handler det primært om å ta et reelt behov på alvor – og presentere en løsning som vi vet at en del [dvs. ikke alle] misjonsvenner ønsker seg.» (saksdokumentet til sak 2, GF-2015, s. 43). «... dette må begrense seg til å være et tilbud for dem som ønsker en kirkerettslig tilhørighet til organisasjonen.» (Jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015, s. 39). «Det er viktig å presisere at NLM oppretter et trossamfunn som et tilbud til den som ønsker å ha sin kirkerettslige tilhørighet der.» (Jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015 s. 43).

Det verkar som at det er eit visst press frå misjonsvenner som ønskjer ei slik ordning, som har gjort at hovudstyret går inn for den: «Når hovedstyret går inn for å opprette et trossamfunn, er en begrunnelse at vi tror det kan svekke

organisasjonen hvis misjonsvenner som ønsker en slik mulighet ikke gis et tilbud.» (Jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015, s. 41).

Vi har altså her ein etterspørsel som bør møtast med eit tilbod for at ein ikkje skal skuffe og misse støttespelarar for misjonen. Men for HS og storparten av leiinga i NLM synest det som at dette tilbodet er overflødig. Dei har ikkje sjølve hittil gjort seg nytte av det.

(3) Det er altså heilt greitt dersom ein NLM-venn *ikkje* ønskjer eit slikt tilbod. Ein er like mykje NLM-venn utan denne såkalla «kyrkjerettslege tilknytninga». Som sagt gjeld dette hittil storparten av leiinga i NLM og så langt eg kjenner til det, heile HS. Kva signaliserer det? At NLM trossamfunn eigentleg er ei overflødig sak?

Det verkar som at HS har gått inn for saka ganske halvhjerta. Sjå saksdokumentet side 43: «Alle strukturer er tomme og døde om de ikke i sitt innhold rommer forkynnelsen av Guds ord og Den hellige ånds verk og gjerning. ... Dypest sett trenger vi vekkelse mer enn trossamfunn, selv om vi ikke uten videre kan sette disse opp mot hverandre.» Og i uttalen i *Dagen* 14. desember heiter det: «Viktigere enn hvordan vi håndterer vårt formelle kirkemedlemskap, er hvordan vi lever vårt daglige kristenliv.» Det verkar som at HS ikkje er særleg begeistra for ordninga, men dei var redde for å avvise den.

(4) Spørsmålet melder seg: Gir ikkje medlemskap i for eksempel forsamlinga Misjonssalen i Oslo same eller kanskje til og med betre «formell kirketilhørighet» eller «kirkerettslige tilknytning» til NLM som ei innmelding i NLM trossamfunn? Er det først med innmelding i NLM trossamfunn at ein får den «formelle kirketilhørighet til NLM»/«kirkerettslige tilknytning» i orden? Då manglar HS og dei fleste i leiarskapet i NLM ei slik tilhørighet/tilknytning til NLM. Det gjev ikkje mening. Vi må konkludere med at eit medlem i Misjonssalen forsamling har like så god eller betre «formell kirketilhørighet»/ «kirkerettslige tilknytning» til NLM enn dei som er registrerte som medlemmer i trossamfunnet. Dersom eit medlem i NLM trossamfunn ikkje går i noka NLM-forsamling (som er lite sannsynleg), vil vel tilknytninga til NLM vere tydelegare og sterkare for eit aktivt medlem i Misjonssalen?

HS omtalar faktisk medlemslistene til NLM-forsamlingane som uttrykk for «en slags kirkelig registrering». Det heiter i saksdokumentet: «I en del forsamlinger finnes det også en mulighet for å tegne seg som medlem; slik sett foregår det allerede en slags kirkelig registrering.» (Jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015,

s. 40). Mellom linjene blir det egentleg sagt at disse medlemslistene bør egentleg være registrering god nok. Spørsmålet er om ikkje HS burde ha sagt i klartekst det dei seier indirekte – at registrering hos fylkesmannen faktisk er overflødig. Det er jo det HS seier i praksis ved at HS-medlemmene ikkje melder seg inn i NLM trossamfunn. Vi må spørje om ikkje NLM heller burde ha satsa på ei registrering som representerer *meir* enn berre ei formell tilknytning som ikkje gir anna utbytte enn refusjon av kyrkjeskatt. Det kunne i så fall vere at alle forsamlingane opererer med medlemslister og at desse så vert overførde til eit sentralt register hos NLM Norge, om lag på same måten som Dnk-forsamlingane fører register over medlemmane sine.

Det lyder ein smule rart når HS skriv: «NLM har døpt omkring 1000 barn de siste årene, og mange av disse har ingen trossamfunnstilknytning.» (s. 43). Har dei ikkje det? Dei er tilknytte den forsamlinga foreldra går i, og det er også alt dei treng når det gjeld trossamfunnstilknytning.

(5) Enkelte har spurt om ordninga med NLM trossamfunn vil kome til å skape eit slags A-lag i NLM, og dei andre blir B-laget. Dette vert klart avvist (jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015, s. 41): «Derfor tenker ikke hovedstyret at det legges opp til et slags a-medlemskap eller b-medlemskap i NLM; ... Det er avgjørende for hovedstyret at et eventuelt medlemskap i et trossamfunn i regi av NLM ikke gir disse medlemmene noen rettigheter eller tilbud som ikke alle misjonsvenner kan benytte seg av.» Ikkje eingong medlemmene av hovudstyret treng vere medlemmer av NLM trossamfunn, sjølv om det er hovudstyret som er trossamfunnet sitt årsmøte (jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015, s.43 og 45).

Det har elles vore viktig for HS å understreke at NLM-venner kan vere medlemmer av ulike kyrkjesamfunn, Dnk inkludert. «Organisasjonen skal fortsatt bestå av misjonsvenner med ulik kirketilhørighet. Hovedstyret ønsker ikke å gi noen generell oppfordring til innmelding i trossamfunnet, men vil overlate vurderingen til den enkelte misjonsvenn. Det som binder oss sammen er ikke kirkemedlemskap, men kallet til å drive misjon.» (s. 39). «Misjonssambandet fortsetter å være en selvstendig misjonsorganisasjon som er åpen for alle som ønsker å bidra til å virkeliggjøre organisasjonens formål om å utbre Guds rike i Norge og internasjonalt, uavhengig av den enkeltes kirkemedlemskap. Dermed er det ikke nødvendig å være medlem i NLM trossamfunn for å være medlem i Misjonssambandet, og NLM har ikke blitt en frikirke.» (s. 43).

Vedrørende registrering må *Livets bok* reknast som nødvendig. Aktiv deltaking i ei lokal forsamling er også nødvendig. Å stå innført som medlem av ei lokal forsamling er godt og praktisk. Medlemskap i NLM trossamfunn kan vise seg å gje eit lite økonomisk overskot til NLM for nokre år framover.

(6) Nokre vil meine at ei *offentleg* registrering av eit kyrkjesamfunn er ei viktig sak i seg sjølv. Ei slik registrering viser at ein finst i statens religions- og livssynsstatistikkar – for dei som studerer slike. Men neppe mange vil meine at det er registrering hos fylkesmannen som gjer eit kristent trossamfunn synleg i det offentlege rom.

I mange land er det eit poeng for dei kristne å unngå å bli registrerte i eit offentlig register. Det gjeld ikkje minst husforsamlingane i Kina. Dei omtalar seg gjerne som nettopp *ikkje-registrerte*. Etter deira syn kan fridommen verte innskrenka dersom ein let seg registrere. Fordelane ved registrering i vårt land – den økonomiske støtta og vigsleretten – kan fort bli borte, eller bli til ein klamp om foten i staden, slik fleire prestar allereie opplever rolla si som vigslarar. Dei «band som bind» stat og kyrkjesamfunn saman er oftast ikkje av det «velsigna» slaget.

(7) Det bør åtvarast mot mistolkingar av kva NLM trossamfunn er for noko. Ordninga kan fort gi inntrykk av at eit slikt tilbud er nødvendig eller nyttig for NLM-venner som ikkje lenger er medlemmer av noka Dnk-forsamling. Då bør det framhevast at det slett ikkje er nødvendig å vere offentlig registrert. Det er heilt OK med NLM trossamfunn – for refusjon av kyrkjeskatt – men knapt for andre føremål. Reint teologisk betyr det ingenting frå eller til om ein melder seg inn i NLM trossamfunn. For NLM betyr det heller ingenting. Dersom ein er medlem av ei foreining, forsamling eller eit misjonsfelleskap som høyrer til NLM, høyrer ein til i NLM utan å vere registrert i NLM trossamfunn.

Elles er det vel ikkje formalisme som har prega Kinamisjonen gjennom tidene? Kyrkja er Guds folk. HS vedgår at det kan innvendast at «tilhørigheten i trossamfunnet bare blir en formalitet – som ikke får reelle konsekvenser.» (Jf. saksdokumentet til sak 2, GF-2015, s. 43). Er ikkje ei slik formalisme litt underleg i ein lågkyrkjeleg organisasjon? Kva ville Hope ha sagt om NLM trossamfunn?

I denne artikkelen har eg konsekvent uttrykt at ein melder seg inni – eller ut av – ei forsamling i Dnk. Det er rett og slett ikkje mogeleg å melde seg inn i eller ut av Dnk. Viss ein prøver å melde seg ut sentralt, vert ein vist til den forsamlinga ein lokalt soknar til. Dette er konsekvent ekklesiologisk tenkt. Den enkelte

kristne er medlem av ei lokal forsamling, og det er nok. Dersom forsamlinga som ein er medlem av, er medlem av eit kyrkjesamfunn, som for eksempel Dnk, så kan det seiast om det enkelte forsamlingsmedlem at han/ho er medlem av Dnk. Men det primære og ufråkomelege ved å vere medlem av Dnk, er å vere medlem av ei lokal forsamling i Dnk. Kva for trussamfunnstilknytning hadde Paulus? Han var medlem av forsamlinga i Antiokia. Dessutan var han medlem av Guds universelle folk. Det var alt – og det var nok. Det er derfor underleg at innmeldingsskjemaet for NLM trossamfunn ikkje spør etter kva for *lokal forsamling* vedkomande høyrer til. Det er jo *det* som er viktig.

Konklusjon

Når er det læremessig påkrevd at ein medlem i ei Dnk-forsamling forlet forsamlinga si? Er eit passivt medlemskap i eins Dnk-forsamling akseptabelt sjølv om ein har funne det rett å bli medlem i ei anna forsamling? Kva med medlemskap i NLM trossamfunn? Eg har freista å antyde korleis ein bør tenkje om desse spørsmåla.

Ved sida av mange oppgåver har NLM ei god stund vore ein organisasjon for forsamlingar, altså eit kyrkjesamfunn – eller eit kristent trussamfunn om vel å formulere seg slik. Dette trengde ikkje innebære at organisasjonen måtte registrere seg offentleg som eit trussamfunn. Som vi har sett, finst det tvert imot gode grunnar for å droppe ei slik registrering. Det viktige her er *at NLM ser det som eit ansvar å tilby stadig fleire forsamlingslause NLM-venner ei forsamling å gå i*, med alle dei kjenneteikna ei kristen forsamling bør ha. Naudsynt er det også at ein tenkjer gjennom meir grundig dei mange elementa som eit kyrkjesamfunn normalt tek seg av på vegnar av forsamlingane sine.

Det bør understrekast tydeleg så det ikkje er rom for tvil, at det er lokalforsamlinga ein går i, som ein er medlem av, i NLM-samanheng som i Dnk. Det er her ein har sin «kirkerettslege tilhørighet» om ein vil bruke det ordet. Forsamlinga kan så vere medlem av eit kyrkjesamfunn saman med andre forsamlingar – oftast av same konfesjon og i same land. Det er greitt, men ikkje naudsynt.

Minimumsutgåva av NLM-trossamfunn kunne ein greie seg utan. Om nokre år vil den sannsynlegvis bli avvikla – når fylkesmannen ikkje ber om medlemslista lenger, dvs. når kyrkjeskatten til Dnk vert innkravd direkte frå medlemmane. Derimot vil ein trenge ein stadig veksande sektor NLM kyrkjesamfunn, som kan

ta seg av personalansvaret for forsamlingsleiarane (pastorane), ta seg av etter- og vidareutdanning for desse, revidere ritualforslag og ta seg av andre typiske kyrkjesamfunnssaker. I misjonsarbeidet har NLM gått for ulike synodale/presbyterianske kyrkjeordningar, etter mønster frå Den evangelisk lutherske frikyrkja. Kanskje bør ein gjere det same i forsamlingsarbeidet til NLM Norge? Samstundes bør NLM som misjonsorganisasjon, skule-organisasjon og medieorganisasjon framleis femne vidare og engasjere medarbeidarar frå ei breiare grasrot enn berre NLM-forsamlingane – slik ein alltid har gjort.

**FJELLHAUG
INTERNASJONALE HØGSKOLE**

Sinsenveien 15, 0572 OSLO
Telefon: 23232400
Telefax: 23232410
Internett: www.fjellhaug.no
Epost: post@fjellhaug.no

**NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND**

Sinsenveien 25, 0572 OSLO
Telefon: 22007200
Telefax: 22007203
Internett: www.nlm.no
Epost: hovedkontoret@nlm.no

INNSYN**FiH** Fjellhaug
internasjonale
Høgskole

INNSYN er et halvårsskrift som utgis av Fjellhaug Internasjonale Høgskole og Norsk Luthersk Misjonssamband. Tidsskriftet skal være et forum for informasjon og meningsutveksling om misjonsstrategiske spørsmål, primært med grunnlag i undersøkelser og erfaringer fra arbeidet på NLMs misjonsfelter. Innsyn vil også orientere om aktuell misjonslitteratur og viktige misjonskonferanser.

Et redaksjonsutvalg drøfter hvordan man skal skaffe tjenlige bidrag og vurderer stoffet som skal være med i hvert nummer. Artikler og andre bidrag bør være korte. De må gjerne vise til fylligere materiale, dersom dette er tilgjengelig. Alle artikler skal være signerte med fullt navn. Redaksjonen utfordrer misjonærer og andre til å sende inn artikler eller foreslå tema som bør tas opp.

Artikler og meldinger til redaksjonen kan sendes til INNSYN, Fjellhaug Internasjonale Høgskole eller til redaktøren, Arne Redse, epost: aredse@fjellhaug.no

Fjellhaug Internasjonale Høgskole gir utdanning i musikk, kristendom, teologi og misjon. Utdannelsen har et dobbelt sikte: Menighetsbyggende arbeid ute på misjonsfeltene og ulike former for arbeid i Norge der kompetanse innen kristendom er tjenlig.

Norsk Luthersk Misjonssamband er en luthersk misjonsorganisasjon som sender misjonærer til en rekke land i Asia, Afrika og Latin-Amerika.